

Saksframlegg

Saksbehandlar: Helga Bjørkhaug, Kulturavdelinga
Sak nr.: 15/10702-5

Oppnemning av representantar til styre, råd og utval

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter - styremedlemer:

Medlem:

Vara:

Medlem:

Vara:

Stiftinga Vestnorsk Jazzsenter - styremedlem:

Medlem:

Vara:

Stiftinga Norsk Countrytreff - representantskapen:

Medlem:

Vara:

Stiftinga Balejazz – representantskapen:

Medlem:

Vara:

Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival – representantskapen:

Medlem:

Vara:

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane – rådsmedlem:

Medlem:

Vara:

Stiftinga Nynorsk Kultursentrum - rådsmedlem:

Medlem:

Vara:

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) - utsendingar:

Utsending:

Vara:

Utsending:

Vara:

Tusenårsstaden Gulatinget - styringsgruppa:

Medlem:

Vara:

Kystpilegrimsprosjektet - styringsgruppa:

Medlem:

Vara:

Nynorskfylket - representant:

Medlem:

Vara:

Vestnorsk filmsenter – styremedlem:

Medlem:

Vara:

Representant til fagjury – kunstnarstipend:

Medlem:

Vara:

Vedlegg:

1. Oppnemningar til rådet i Nynorsk Kultursentrum
- 2a. Oppnemningar til styret i Norsk Kvernsteinsenter
- 2b. Nye medlemmer til Norsk Kvernsteinsenter

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag**2. Bakgrunn for saka**

Fylkeskommunen er representert/nemner opp medlemmer til ei rekkje styre, råd og utval på kulturfeltet, og fylkesdirektøren viser til notat i hovudutvalet sitt møte 27. oktober der det vart gitt ein oversikt over kva styre, råd og utval dette gjeld, og kven som har representert fylkeskommunen siste perioden.

Dei fleste organ hovudutvalet skal velje medlemmer til, har ei samansetjing der fylkeskommunen, kommunar, tilsette, m.fl. vel sine medlemmer. Den samla samansetjinga skal vere ein styrkje for den enkelte organisasjon/institusjon. Kompetansevurdering – formell og reell kompetanse innan økonomi, jus, politikk, forvaltning, utvikling, m.m. bør vektleggjast ved val.

Hovudutvalet må også vurdere habilitetsspørsmål når det gjeld val av medlemmer til faste styre, t.d. i stiftingar. Reglane om habilitet går fram av forvaltningslova §6.

Ein del oppnemningssaker vil komme seinare ut frå at oppnemningane ikkje alltid følgjer valperioden. Fylkesdirektøren har lagt desse oppnemningane inn i møteplanen for utvalet.

Fylkesdirektøren viser elles til vedtak i FU-sak 109/15 der det m.a. heiter:

UTSENDINGAR TIL GENERALFORSAMLINGAR:

(Generell hovudregel: Fylkesordføraren er utsending til generalforsamling med fylkesvaraordføraren som vara. Der det er naturleg at hovudutval representerer, er utvalsleiar utsending med nestleiar som vara. Ved administrativ utsending til generalforsamling er utgangspunktet at fylkesrådmann er utsending med assisterande rådmann som varautsending, evt. fylkesdirektør som utsending med assisterande fylkesdirektør der dette er naturleg. Det er gjort unntak for utsendingar til arbeidsmarknadsbedriftene. I alle desse vala (med unntak av arbeidsmarknadsbedriftene) er det verv / posisjon / stilling som vert vald – ikkje «person»).

Fylkesdirektøren ber hovudutvalet vurdere om dette gir føringar for t.d. val av utsending til representantskapsmøte, o.l.

2. OM DEI ENKELTE KULTURINSTITUSJONANE

2.1. STIFTINGAR, M.M.:

2.1.1 Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter

Styret for stiftinga Norsk Kvernsteinsenter er samansett av sju medlemmar med personlege varamedlemmer, tre medlemmer valde av Hyllestad kommune, to medlemmer valde av fylkeskommunen og ein medlem vald av Universitetet i Bergen og ein medlem vald av Norges Geologiske Undersøkelser (NGU).

Styret har hatt slik samansetjing i 2011 – 2015:

Medlem: Nils R. Sandal, vara: Steinar Sørli (oppnemnt av Fylkeskommunen)

Medlem: Trude Brosvik, vara: Gunhild Berge Stang «

Medlem: Jan Olav Gjerde, vara Joakim Systaddal (oppnemnt av Hyllestad kommune)

Medlem: Tore Bråstad, vara Finn Borgen Førsund «

Medlem: Karin Galaaen, vara Astrid Dyrkorn Løland «

Frå Universitetet i Bergen deltek professor i arkeologi Ingvild Øye

Frå NGU deltek assisterande avdelingsdirektør Tom Heldal

Hovudutval for kultur skal oppnemne to medlemmer med vara til styret.

Fylkesdirektøren viser elles til at Norsk Kvernsteinsenter frå og med 2012 er konsolidert med Musea i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen har tidlegare trekt seg ut av eigarstyra for det som no er museumsavdelingar under MiSF. Det vil vere relevant å vurdere fylkeskommunen sin plass i dette styret i kommande periode.

Hyllestad kommune vel leiar og nestleiar etter framlegg frå styret.

2.1.2 Stiftinga Vestnorsk Jazzsenter

Vestnorsk jazzsenter er eitt av fleire regionale jazzsenter i Norge, og er eit regionalt kompetansesenter for jazz som formidlar norsk jazz gjennom scenedrift i Bergen, regionalt turneprogram, Bergen Big Band og internasjonale prosjekter.

Styret er samansett av 7 medlemmar og har hatt slik samansetjing i 2011-2015:

Dan Femoen, leiar (Hordaland fylkeskommune)

Asle Steiestøl Wingsternes, nestleiar (Bergen kommune)

Svein Abrahamsen (Rogaland fylkeskommune)
 Hallvard Oppedal, vara: Magny Aa Berge (Sogn og fjordane fylkeskommune)
 Øyunn Viken (Bergen jazzforum)
 Bjarne Dankel (Norsk jazzforum)
 Gunhild Seim (musikarrepresentant, Norsk jazzforum)

Hovudutval for næring og kultur skal oppnemne eit medlem m/vara til styret

2.1.3 Stiftinga Norsk Countrytreff

Stiftinga Norsk Country-treff vart skipa 30.09.2004. Norsk Country-treff i Breim (NCT) vart i statsbudsjettet for 2012 tildelt status som knutepunktfestival for countrymusikk. Styret for stiftinga har 5 medlemmer. Fylkeskommunen oppnemner to av desse, inkludert leiar. Gloppen kommune oppnemner ein medlem og representantskapet vel to medlemmer til styret. Fylkeskommunen skal også velje eit medlem til representantskapen.

Fylkeskommunen har oppnemnt desse som medlemmar til styret for perioden 2011-2015:
 Styreleiar: Nils R. Sandal, vara: Svein Hansen
 Medlem: Toril O. Fjørtoft, vara: Sjur Atle Austrheim
 Medlem til representantskapen: Nils Gjerland, vara: Jan Olav Fretland

Hovudutval for næring og kultur skal oppnemne styreleiar og styremedlem til styret for stiftinga Norsk Country-treff, og ein medlem til representantskapen.

2.1.4 Stiftinga Balejazz

Stiftinga er ei privat stifting etablert av Balejazz, Kvikne's Hotell, Balestrand kommune, Vestnorsk Jazzsenter og Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Representantskapen er samansett av ein representant frå kvar av stiftarane. Tage Joh Sandvoll m/vara Bjørn Hollevik har vore fylkeskommunen sine representantar i representantskapen i perioden 2011 – 2015.

Hovudutval for næring og kultur skal oppnemne ein representant med vara til representantskapsmøtet.

2.1.5 Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Representantskapsmøte i Førde Internasjonale Folkemusikkfestival vert halde i desember 2015. Desse vart valde som representantar i perioden 2011 – 2015: Nils Gjerland, vara Jan Olav Fretland

Hovudutval for næring og kultur skal oppnemne 1 medlem m/vara til representantskapen.

2.1.6 Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Desse er valde som fylkeskommunen sine medlemmar til styret:
 Styreleiar: Harry Mowatt, vara: Hilde Kvamsås Aa (til 2017)
 Medlem: Laura Kvamme, vara: Erland Fagermoen. (til 2019)

Fylkesordførar Åshild Kjelsnes har vore fylkeskommunen sin utsending til rådsmøtet, og har også leia desse møta. Mynde til å oppnemne styremedlemmer og utsending til rådsmøtet vart delegert til hovudutvalet i FT-sak 09/13.

Hovudutval for næring og kultur skal oppnemne eit medlem m/vara til rådet.

2.1.7 Stiftinga Nynorsk Kultursentrum

Stiftinga Nynorsk Kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføre mål å arbeide for nynorsk skriftkultur. Nynorsk Kultursentrum blei nyleg kåra til Årets Museum 2015.

21 fylke, kommunar, utdanningsinstitusjonar, kulturinstitusjonar og organisasjonar står bak stiftinga. Styret for stiftinga er samansett av sju medlemmer. Styret vert oppnemnd av kulturdepartementet (4 medlemmer), rådet (2 medlemmer) og dei tilsette (1 medlem).

Rådet har 23 medlemmer i 2015, og skal sjå til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet. Nils P. Støyva har vore fylkeskommunen sin utsending til rådet, med Hege Lothe som vara.

Hovudutval for næring og kultur skal oppnemne ein rådsmedlem med vara.

2.1.8 Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ein interesseorganisasjon for kommunar, fylkeskommunar og interkommunale føretak. Organisasjonen har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Medlemstalet er stabilt med 102 kommunar, 4 fylkeskommunar og 17 interkommunale tiltak/regionråd.

Landstinget er organisasjonen sitt høgaste styringsorgan. Tinget held møte annakvart år. Etter landstinget i 2013 har styret vore slik samansett:

Leiar Solfrid Borge, Ullensvang herad
Nestleiar Gunnar Strøm, Volda kommune
Styremedlem Halvor Lilleslett, Gol kommune

1. vara: Nils R. Sandal
2. vara: Liv Kari Eskeland
3. vara: Kari Våge Gjuvslund

Desse vart oppnemnde som utsendingar til LNK for perioden 2013 – ut valperioden:

1. utsending: Åshild Kjelsnes, vara: Jenny Følling
2. utsending: Nils Gjerland, vara: Jan Olav Fretland

Hovudutval for næring og kultur skal oppnemne 2 utsendingar m/vara til landstinget

2.2. STYRINGSGRUPPER, M.M.:

2.2.1 Tusenårsstaden Gulatinget

Sogn og Fjordane Fylkeskommune, saman med Gulen kommune, har ansvar for utvikling, vedlikehald, drift og formidling av tusenårsstaden Gulatinget.

Det er etablert ei styringsgruppe som fastlegg arbeidsoppgåver, prioriteringar, framdrift, m.m. Fylkesrådmannen har peika ut fylkesdirektør for kultur som administrasjonen sin representant i styringsgruppa. Nils Gjerland, m/vara Jan Olav Fretland har vore fylkeskommunen sine representantar for perioden 2011-2015.

Hovudutval for næring og kultur skal oppnemne eit medlem med vara til styringsgruppa

2.2.2 Kystpilegrimsprosjektet

«Prosjekt Kystpilegrimsleia» har dei to siste åra vore del av det nasjonale verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. Prosjektet er eit samarbeid i vestlandsregionen og har høg prioritet hos fylkeskommunane Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Sogn og Fjordane. Bispedøma Stavanger, Bjørgvin, Møre og Nidaros deltek også i prosjektet.

Prosjektet er organisert med ei styringsgruppe, ei prosjektgruppe og ei arbeidsgruppe. Prosjektleiaren har eit overordna ansvar for å koordinere idear og tiltak i prosjektet, og rapporterer til styringsgruppa.

Styringsgruppa skal ha ein representant frå kvar av dei fem fylkeskommunane og ein representant frå bispedøma. Frå fylkeskommunane vert representantane til styringsgruppa valt frå politisk nivå. Styringsgruppa konstituerer seg sjølv.

Sogn og Fjordane fylkeskommune deltek i styringsgruppa med ein styremedlem, Nils Gjerland og ein varamedlem, Jan Olav Fretland. Ny oppnemninga gjeld for prosjektperioden (ut april 2017).

Hovudutval for næring og kultur skal oppnemne 1 medlem m/vara til styringsgruppa

2.2.3 Nynorskfylket (Nynorsk Forum)

I FT-sak 21/12 drøfta fylkestinget ei nynorsk satsing for fylket. Eit av tiltaka der var å etablere eit nynorsk forum i Sogn og Fjordane, som så vart etablert i november 2012. Nasjonalt er Nynorsk Forum etablert som eit samarbeidsorgan for nynorske institusjonar, organisasjonar og bedrifter.

Jan Olav Fretland har vore fylkeskommunen sin representant.

Hovudutval for næring og kultur skal oppnemne ein representant til Nynorskfylket.

2.2.4 Vestnorsk filmsenter

Vestnorsk filmsenter vart etablert i 1994 og er eigd av Bergen kommune (50 %) og Hordaland Fylkeskommune (50 %). I 2009 vart det inngått samarbeidsavtaler med Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Drifta er finansiert av Bergen kommune og Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylkeskommunar.

Styret har vore slik samansett:

Kristian B. Jørgensen – styreleiar – Bergen kommune

Marte Malones – Hordaland fylkeskommune

Ingrid Opedal – Møre og Romsdal fylkeskommune

Hilde Kvamsås Aa – Sogn og Fjordane fylkeskommune (vara: Magny Aa Berge)

Guri Gæver – Filmforbundet

Trude Refsahl – Produsentforeningen

Hovudutval for næring og kultur skal oppnemne ein medlem m/vara til styret

2.2.5 Fagjury kunstnarstipend

Etter retningslinene skal hovudutval for kultur oppnemne jury for tildeling av kunstnarstipend og etablerarstipend. I HK-sak 23/13 vart følgjande jury oppnemnt:

Lena Stenseth, foreslått av Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane (BKSF)

Ingjerd Monsen Hjelmeland, foreslått av Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge (NKVN)

Jan Olav Fretland, repr. frå fylkeskommunen

Hovudutval for næring og kultur ber Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane og Norske Kunsthåndverkere Vest-Norge oppnemne 1 medlem kvar til juryen.

Hovudutval for næring og kultur skal oppnemne ein representant med vara til dette juryarbeidet.